



MEST NYTTI: Dei fleste bileta Yngvil Birkeland skal vise fram i kunsthuset i Ørsta er måla det siste halve året. Men det kan hende det også dukkar opp eldre bilede i utstillinga. – Eg har laga titlar til bileta mine denne gongen. Det har eg ikkje gjort før, seier kunstnaren. Utstillinga i kunsthuset opnar førstkomande laurdag.

– Tettare på mennesket

● Yngvil Birkeland opnar separatutstilling i kunsthuset i Ørsta

VOLDA/ØRSTA

– Eg går lenger inn i bileverda no enn eg gjorde før.

Yngvil Birkeland frå Volda hadde si første separatutstilling i 2009, i kunsthuset i Ørsta. Fem år og ei rekkje utstillingar seinare, stiller ho igjen ut aleine i same huset.

– Arbeida mine har forandra seg, i løpet av desse åra. I starten måla eg mykje landskap, planetar og folkemengder. No går eg lenger inn i bileverda, tettare på folk, nærare enkeltnesket, forklarar kunstnaren.

Intuitivt. Men måten å skape på er den same: Yngvil Birkeland sine bilete blir intuitivt til medan ho jobbar. Først oppstår ei kaosflate av fargar, det er nesten så Birkeland ikkje styrer det sjølv. Når ho så har fått fram ei spennande overflate, tek kunstnaren ein steg tilbake og ser om det dukkar opp noko interessant i bildet.

– Kva eg ser i overflata og jobbar vidare med forandrar seg etter kvar eg er i livet. Eg har også vorte teknisk flinkare med

YNGVIL BIRKELAND

● Yngvil Birkeland bur og arbeider i Volda. Ho er faglærer i musikk og kunstrag, men har også etablert seg som utøvande kunstnar med måleriet som hovudfelt.

● Yngvil Birkeland hadde si første separatutstilling i 2009, sidan den gong har ho hatt fleire separatutstillingar og teke del i fleire kollektiveutstillingar.

● Stilen hennar i kunsten vert skildra som abstrahert figurativ.

– Kva eg ser i bildeoverflata forandrar seg etter kvar eg er i livet

YNGVIL BIRKELAND

åra, fortel Birkeland.

Sidan utstillingsdebuten i 2009 har Birkeland etablert seg som biletkunstnar og hatt utstillingar fleire stader i Norge. I 2012 fekk ho stille ut bilete ved Barcelona Showcase i Casa Batlló.

Birkeland er også ein av 78 utvalde kunstnarar som får vise seg fram i boka «Artists Across Continents» som vert lansert i Louvre i Paris i slutten av oktober. Boka inneheld presentasjonar av biletkunstnarar frå Europa og Latin-Amerika, og det er organisasjonen Artcom Expo som står bak.

På tvers. – Boka er eit tiltak for å spreie kunnskap om kunst og kunstnarar på tvers av kontinenta, og det er veldig spennande å få ta del i prosjektet, syner volakunstnaren.

Yngvil Birkeland har utdanning innan musikk, kunst og handverk, og jobbar til dagleg som lærar ved musikklinja ved Volda vidaregåande skule. Nokre av elevane hennar, vokalensemblet på musikklinja, kjem for å opne utstillinga i kunsthuset førstkomande laurdag. Dei skal framføre orkestermusikk av



STIL: Yngvil Birkeland sin kunstnarlege stil vert skildra som abstrahert figurativ. Her er ho saman med Hjalmar Eiksund i Volda og Ørsta kunstlag (bak) som hjelper til med å henge opp bilete til utstillinga.

Mozart i acapellaversjon.

Poet og scenekunstnar Fanny Holmin frå Volda kjem også til utstillingsopninga, med ein tekst ho har skrivne spesielt for høvet.

– Fanny besøkte meg og vi snakka om måten eg jobbar fram kunsten min på, mellom anna det å leggje lag på lag. Teksten ho skal lese på laurdag

heng saman med denne samtalen, seier Yngvild Birkeland.

Utstillinga er i regi av Volda og Ørsta kunstlag og vert hengjande i kunsthuset i Ørsta til 18. oktober.

HILD NORDAL
hild.nordal@smpp.no
OLAV STANDAL TANGEN (FOTO)
redaksjon@smpp.no